

Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 03.02.2020, kl. 09:00

Stad: rom 435, HF-bygget

Til: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Torodd Kinn (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norsk kursa), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant) og Espen Holthe (studentrepresentant)

Saksliste

UUI-sak 1/20: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 2/: Orienteringssaker	1
O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI	2
O-sak 2: Eigenvurderingar og kvalitetssystem	4
O-sak 3: Mentorordninga ved HF	4
O-sak 4: Ressursbudsjettering for hausten 2020	4
O-sak 5: Miljøspesifikk orientering om stoda i fagmiljøa	4
O-sak 6: Tildeling av midlar til undervisningsassistentar frå fakultetet	4
O-sak 7: Mandat for UUI er godkjent i Instituttrådet	5
UUI-sak 3/20: Drøftingssaker	6
Drøftingssak 1: Studiebarometeret	6
Drøftingssak 2: Handlingsplan for undervising	6
Drøftingssak 3: Prioriterte oppgåver for UUI våren 2020	6
UUI-sak: 3/20 Ymist	6

UUI-sak 1/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 2/: Orienteringssaker

O-sak 1: Referat fra første møte i UUI

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)
Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonisering (UUI)

Tid: 25.11.2019, kl. 14:15-16:00

Stad: rom 400, HF-bygget

Til stades: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad de Smedt (språkvitskap), Torodd Kinn (nordisk språk), Keld Hyldig (teatervitskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Elisabeth Bjugn (vara norskkursa), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant)

Meldt forfall: Christine Hamm og Else Berit Molde

Ikkje møtt: Erik Bjerck Hagen og Espen Holthe

Saksliste

UUI-sak 9/19: Godkjenning av innkalling og saksliste²

UUI-sak 10/19: Orienteringssaker²

O-sak 1: Referat fra første møte i UUI²

O-sak 2: Ny mal for oppsett av opptakskrav for masterprogram²

O-sak 3: Mentorordninga²

O-sak 4: Programsensoravtaler ved LLE²

O-sak 5: Ressursbudsjettering²

O-sak 6: Emneevalueringar og programevalueringar²

UUI-sak 11/19: Drøftingssaker²

Drøftingssak 1: Programkoordinering³

Drøftingssak 2: Undervise for første gong³

Drøftingssak 3: Mandat for UUI på LLE³

UUI-sak 12/19: Vedtakssaker³

Vedtaksak 1: Varerepresentant til Studiestyret³

Vedtaksak 2: Møteplan for våren 2020³

UUI-sak 13/19: Ymist⁴

UUI-sak 9/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: innkalling og saksliste er godkjende.

UUI-sak 10/19: Orienteringssaker

O-sak 1: Referat fra første møte i UUI

O-sak 2: Ny mal for oppsett av opptakskrav for masterprogram

Studieleiar Signe Nilssen orienterte.

O-sak 3: Mentorordninga

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterte.

Arbeidsgruppe arbeider no med eit opplegg der dei skal levere ein rapport med tilrådingar. Opplegget skal vere klart til hausten 2020.

Signe og Heming skal til Bodø for å lære meir om dette i desember.

HF arbeider med eit opplegg som svarar til eit opplegg dei har på MatNat, der studiestartgruppene held fram med å vere mentorgrupper.

Dette skal skje i første og andre semester (første studieår). Ein ynskjer å rekruttere erfarne studentar til å bli skulerte og tilsette som mentorar.

Det kan bli ulike opplegg på dei ulike institutta og fagmiljøa då enkelte av desse einingane alt har eigne opplegg som fungerer.

Rekruttering og opplæring av mentorar skal skje i vårsemesteret 2020.

Dersom det finst ressursar, vil ein leggje til rette for ei mentorordning der mentorane kan verke i par.

Keld: Dette er positivt for teatervitskap då vi ikkje har førstesemesteremne. Det vil nok fungere best med to og to som leier grupper saman.

Arnt Robert orienterte om si erfaring som del av studiestartgruppe.

O-sak 4: Programsensoravtaler ved LLE

Sidan sist møte har vi fått oppnemnd programsensor for teatervitskap, og vi har snart nye avtaler for nordisk språk og litteratur og klassisk. Programsensormappa blei sendt ut med første referat.

Studieleiar Signe Nilssen orienterte

Det blei stilt spørsmål om programsensur vs. 5-årsplanen for programevaluering som skulle diskuteras som eiga sak seinare. Dette er to ulike evalueringar. Rapport frå ekstern fagfelle er nyttig å ha med i arbeidet når ein skal evaluere programma sine sjølve.

O-sak 5: Ressursbudsjettering

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterte.

Dette er eit nyttig verktøy for å sjå kor mange undervisningskrefter ein har og finne ut kvar ein t.d. må kutte i undervisinga. Særleg må vi sjå på dette når det ikkje berre er å hente inn vikarar ved behov på kort sikt. Alle vikariat må lysast ut, og difor må vi planlegge i god tid.

Dersom ein også skal få bukt med plusstidssaldo, må vi ha oversikt før semesteret er i gang.

O-sak 6: Emneevalueringar og programevalueringar

Studieleiar Signe Nilssen orienterte.

Koenraad er ueinig i måten eigenvurderingsskjemaet skal handterast på. Dårlig tilgjenge, og ikkje søkbart.

Det kjennest som ei ekstra stor belastning når vi skal ha eigenvurdering kvar gong emnet går, også i tillegg til studentevaluering. Vidare blir det ekstra jobb for programstyreleiar å samanfatte eigenvurderingane og rapportere vidare.

Vi kjem attende til saka med kvalitetssystemet neste møte. Vi inviterer gjerne Inger Marie Hatløy for å forklare.

UUI-sak 11/19: Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Programkoordinering

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleia.

Det er varierende grad av kompleksitet i programma ved LLE og UiB. Studiekvaliteten oppstår ikkje på emnenivå, men på totaliteten i programmet.

Om det er veldig stort tilbod av undervisning og læringsaktivitetar, kan vi konkurrere med oss sjølve.

Ein del studietilbod har til dels dysfunksjonelle timeplanar. Særleg om programmet høyrer til fleire fakultet/institutt.

Dette kjem vi tilbake til

Drøftingssak 2: Undervise for første gong

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord og seniorkonsulent Anna Kristina Polster har laga framlegg til eit informasjonsdokument som vi kan gi til nyttilsette som skal undervise for første gong. Sjå vedlegg.

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord og studieleiar Signe Nilssen innleia.

Markus: Vi bør ha med noko om fagutval og studentrepresentasjon.

Drøftingssak 3: Mandat for UUI på LLE

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord har laga eit framlegg til nytt mandat for LLE.

Nokre presiseringar bør gjerast i teksten som gjeld fagkoordinatorar og programstyreleiarar. Bør fagkoordinator for EXFAC00SK - Språkkunnskap vere med i utvalet?

Heming bearbeider mandatet jamført med diskusjonen og får fullmakt til å sende den bearbeidde saka vidare til IR på LLE.

UUI-sak 12/19: Vedtakssaker

Vedtakssak 1: Vararepresentant til Studiestyret

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord er LLE sin representant i Studiestyret ved HF. Han treng ein vararepresentant.

Christine Hamm er foreslått som vararepresentant.

Vedtak: UUI utnemner Christine Hamm som vararepresentant for Studiestyret ved HF.

Vedtakssak 2: Møteplan for våren 2020

Framlegg til møtedatoar:

Måndag 3. februar

Måndag 30. mars

Måndag 15. juni

Vi foreslår eit anna tidspunkt på dagen sidan Koenraad har undervisning 14.15.

Vedtak: UUI vedtar møteplanen for våren 2020.

UUI-sak 13/19: Ymist

Internasjonalisering

Dette er ganske persondrive og emnenært. Vi må jobbe meir aktivt med dette.

Vi må trakte etter å ha "pakkar" som vi kan tilby studentar. UUI og undervisningskoordinatorar bør vere med å bygge opp her.

Ubehageleg situasjon med student

Undervisningskoordinator og studieleiar orienterte.

Seminar om studiekvalitet

Fagkoordinatorar og programstyreleiarar er inviterte til seminar om studiekvalitet 12. Desember. Undervisningskoordinator oppmoda UUI om å gå på seminaret.

O-sak 2: Eigenvurderingar og kvalitetssystem

På førre møte var det på tale om å ta opp att dette om eigenvurderingar og korleis desse skal handsamast. Det har kome forslag til årshjul for studiekvalitetsarbeidet frå fakultetet, som vi kjem tilbake til på neste møte. Då inviterer vi også Inger Marie Hatløy, seniorrådgivar ved Det humanistiske fakultet, for å greie meir ut om dette. Førrebels skal eigenvurderingane lagrast i Kvalitetsbasen.

O-sak 3: Mentorordninga ved HF

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord har vore med å utarbeide ein rapport som kjem med eit framlegg til mentorordning ved HF. Han orienterer.

Vedlegg: Rapport

O-sak 4: Ressursbudsjettering for hausten 2020

Studiekonsulentane har blitt bedne om å ta til med å fylle ut grunnlagsdata for haustens ressursbudsjettering. Det er naudsynt at samarbeidet med fagkoordinatorane her er tett, slik at vi òg planlegg haustens undervising i samstundes, slik at vi ikkje får to rundar med mykje det same.

Fagkoordinatorane har blitt bedne om å allereie no melde inn utfordringar dei ser føre seg til hausten slik at vi kan vere tidleg ute med eventuelle utlysingar av vikariat.

O-sak 5: Miljøspesifikk orientering om stoda i fagmiljøa

Fagkoordinatorane får inntil 3 minutt på møtet til å orientere om stoda i fagmiljøa. Ein bør særleg leggje vekt på (1) ressursituasjonen, (2) utfordringar i emnestruktur og studieplanar og (3) andre utfordringar som handlar om undervising og internasjonalisering.

O-sak 6: Tildeling av midlar til undervisningsassistentar frå fakultetet

LLE har fått tildelt kr. 288.000,- til undervisningsassistentar. Denne summen skal gjelde heile 2020, men vi har allereie gjort tildelingar for kr. 228399,-.

Regelen for desse tildelingane er at pengane skal gå til opplegg som ikkje er skissert i emneplanen. Vi fekk mange gode søknader og tildelingane er som følgjer:

Emne	Sum	Kommentar
NOLI102	16576,00	Ønska sum tildelt
DIKULT13 og 104	62160,00	Ønska sum tildelt
LING123	27195,00	Ønska sum tildelt
TEAT111 og 113	26720,00	Ønska sum tildelt (gjeld hausten 2020)
KUN132	23840,00	Ønska sum tildelt
KUN144	19072,00	Ønska sum tildelt
NOR-U2 og U3	0,00	Søkte om 15.540, men fekk inga tildeling.
LAT105, 107 og 102	0,00	Søkte om 45.454,50 for haust og vår, men fekk inga tildeling
NORAN250, 105 og 106	32116,00	Ønska sum tildelt
NODI101	20720,00	Ønska sum tildelt
Totalt	228399,00	
Tildelt sum til LLE	288000,00	
Gjenstående sum	59601,00	

Klassisk fekk ikkje tildeling grunna tal på studentar og tilsette, medan norskkursa ikkje fekk sidan dei skal vere sjølvfinansierte. Studieleiar Signe Nilssen har foreslått for fagkoordinator for norskkursa at dei kan søkje om tilsvarande midlar frå Studieavdelinga/HR, som «eig» kursa.

Dei resterande pengane vil bli lyste ut i forkant av haustsemesteret. Forhåpentleg vil det vere rom på instituttets budsjett til å supplere denne restsummen.

O-sak 7: Mandat for UUI er godkjent i Instituttrådet

Mandatet for UUI (vedlagt) som blei lagt fram på førre møte, blei godkjent i instituttrådet 28. november 2019.

«IR-sak 31/19: Mandat for UUI (vedlagt, vedtakssak)

Enstemmig vedtak:

Mandat for Utval for undervisning og internasjonalisering vedtas i samsvar med utkastet som var lagt ved møteinnkallingen, med følgende endring:

Setningen «Følgjande studiefag med respektive studieprogram er representerte i UUI» endres til «Følgjande fagmiljø med respektive studieprogram er representerte i UUI».»

UUI-sak 3/20: Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Studiebarometeret

LLE får blanda tilbakemeldingar i studiebarometeret. Vi har to studieprogram som skårar så dårleg at vi får varselsignal, men vi har òg det programmet som skårar høgast på heile UiB.

<http://studiebarometeret.no/nn/student/finn?query=Universitetet%20i%20Bergen&p=1&i=1120&s=-1662709219&f=0&g=0>

Drøftingssak 2: Handlingsplan for undervising

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord har utarbeidd ein framlegg til handlingsplan for undervising. Han orienterer.

Vedlegg: framlegg til handlingsplan

Drøftingssak 3: Prioriterte oppgåver for UUI våren 2020

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

UUI-sak: 3/20 Ymist